

# Retningsline for jakt og fangst på rovvilt i Skjåk Almenning

## Bakgrunn for denne retningslina

I 2021 vedtok kommunestyret i Skjåk å løyve midlar til prosjektet «Meir effektiv lisensfelling på jerv». Nettopp dette aktualiserer at Skjåk Almenning som grunneigar no legg nokre føringar for jakt og fangst på rovvilt. Målet med denne retningslina er å koordinere rovviltjakt i almenninga slik at den blir så effektiv som mogleg.

## Lovgrunnlag

Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) ligg til grunn for jaktutøving og utlegging av åte.

Utlegging av åte skal utførast i tråd med Viltloven - *Forskrift om utlegging av åte og foring av vilt. Særskilt § 5 som seier:*

*«Den som fører vilt eller legger ut åte, skal sørge for at dette ikke medfører fare for unødig skade på eller ulempe for dyr, mennesker eller naturmangfoldet. Når føring eller bruk av åte er avsluttet skal benyttede føringsplasser og åteplasser ryddes.»*

## Etablering av åteplass, åtebu og bås

### **1. Søknad og godkjenning**

- Den som planlegg å leggje ut åte, bås eller åtebu i Skjåk Almenning, må på førehand sende skriftleg søknad og få godkjenning om det. Dette gjeld også område i almenninga som er bortfesta/bygsla/leigd, deriblant bruksrettskveer på seter, hyttetomt og liknande. Søknaden må kome almenninga i hende før 1.juli det året ein søkjer for at dei skal kunne behandlast på lik linje. Ein kan framleis søkje etter datoen, men må da måtta ta omsyn til allereie vedtekne åteplassar. Godkjenninga kan gjelde for 5 år om gongen for åte/åtebu og 10 år for bås.

### **2. Plassering**

- **Åteplassar, særskilt for jerv**, skal ikkje etablerast nærre åteplassar som alt er godkjente og etablerte. Det blir heller oppmoda om å samarbeide om færre og meir effektiv åter. 10 km avstand frå kvarandre er anbefalt avhengig av topografi. Slik sett vil almenninga kunne avslå nyetablering av åter som blir sett på som nærre ein annan etablert åteplass i det same dalføret. Dette gjeld særskilt for grisgrendte strøk der det er tilfallande at jerv oppsøker åteplassen.
- Ein må **også søkje om etablering av åteplass for raudrev**, men distansekravet vil ikkje vera gjeldande i lågare strøk der det ikkje minskar effektiviteten av etablerte jerveåter.

- Åter skal ikkje plasserast for nære vassdrag som er naturlege habitat for mink og røyskatt, eller at det fører til forureining. Plassering av buer/åter skal heller ikkje gjerast på ein måte slik at det blir til hinder for almenninga si verksemd eller allmenn sjenanse. Installasjonar skal fjernast når ein ikkje lenger har godkjenning til å drive på staden.

### 3. Åteplassen

- Mengde åte skal avgrensast slik at dei ikkje blir til unødig føring av predatorar. Om mogleg bør den også delvis dekkjast til eller gravast ned.
- Det skal haldast orden etter beste evne rundt åteplassen, slik at den ikkje står fram som sjenanse for andre.
- Så fort jaktseongen er ferdig, dvs. 15.02 for jerv og 15.04 for raudrev, skal alt av åte fjernast på ein måte slik at det ikkje blir til foring av predatorar. Innan 1.mai, eller så fort det er farbart, skal åteplassen vera rydda kvart år.
- Skjåk Almenning kan krevje at åtet blir fjerna ved tilsynelatande manglande jakt på staden.

### 4. Åter i hyttefelt

- Ein ynskjer i utgangspunktet ikkje åter i eller nær hyttefelt av omsyn til både tryggleik og andre brukargrupper. Dette kan fråvikast etter søknad dersom plasseringa blir i utkanten av hyttefeltet, og ikkje er til særleg sjenanse for andre. Det er uansett jeger sitt ansvar aleine at jakta føregjeng i tråd med offentlege føresegner og på ein trygg måte.

### 5. Etablering og skjøtting av båsar

- Skjåk Almenning ser på det som positivt at jegerar etablerer båsar for å drive fangst. Båsar kan fråvike distansekravet som er omtala i punkt 2.
- Som omtala i punkt. 1, skal Skjåk Almenning som grunneigar søkjast skriftleg om oppføring av båsar.
- Båsar skal merkast med namn og skjøttast etter dei offentlege krav som gjeld.
- Ved etablering av båsar skal mengde åte til innføring utanfor sjølve båsen avgrensast.

### 6. Motorferdsel

- Ved søknad kan køyretøy nyttast til enkelte formål.
- Dette inneber frakting av åte og åtebu, samt tilsyn med båsar som er tillate av statsforvaltaren. Det vil bli gjeve eit avgrensa antal turar til dei formåla som det er opna for.
- Ved køyring i utmark må ein søkje kommunen, almenninga som grunneigar og eventuelt vernemynde om løyve. Almenninga har eige søknadsskjema for dette som ein får utlevert.
- Skjåk Almenning v/Kristen Haugen Dagsgard (45473683) skal varslast på sms før kvar tur som omfattar køyring i utmark.

## **7. Jaktkort og offentleg føringar**

Lisensjakt på jerv, bjørn, ulv og kvotejakt på gaupe krev alltid løyve frå grunneigaren. Dette løyve for du utan vidare søknad dersom;

- Du har løyst eit type jaktkort hjå Skjåk Almenning inneverande jaktår (villrein, elg, hjort, rådyr, smårovvilt eller småvilt).
- Dersom du ikkje har anna jakt eller løyst smårovviltkort har vi lagt ut eit gratis «rovviltkort» på Inatur som gjeld for dei store rovdyra (jerv, gaupe, ulv og bjørn) i heile Skjåk Almenning, dette m.a. for å sjekke at jegeravgift er kontrollert.
- Du er registrert som lisensjeger i jegerregisteret (brønnøysundregisteret) og hjå statsforvaltaren.

Ein er sjølv ansvarleg for å sette seg inn i, og fylgje dei offentlege føringane som gjeld til ei kvar tid. Dette omfattar blant anna krav til type åte, bruk av ljós, skyteprøve, etc.

## **8. Brot på denne retningslina**

- Brot på denne retningslina vil medføre restriksjonar og/eller pålegg. Enkelte tilfelle vil kunne medføre utestenging frå all jakt i Skjåk Almenning og det er almenningsstyret som vurderer dette i kvart enkelt tilfelle. Lengda for utestenging kan variere avhengig av alvorsgraden og eventuelt skjerpande tilfelle, men med 1 år som eit naturleg minimum. Almenningsstyret kan i tillegg til utestenging eller andre sanksjonar vurdere å politimelde tilhøvet, men utestenging er uavhengig av evt. politianmeldelse og utfall av denne.

### **For anna fellefangst, jamfør slagfeller og levande fangstfeller på andre artar**

- Skjåk Almenning skal varslast før ein set opp feller på eigedommen.
- Feller skal merkast med namn.
- Feller skal vera av godkjende typer og ein må skjøtte dei etter dei offentlege krava som gjeld.

### **Sentrale kjelder og lenkar**

#### **Viltloven om utlegging av åte:**

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-17-1878>

#### **Viltloven om utøving av jakt og fangst (kap.6)**

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-29-38#KAPITTEL\\_6](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-29-38#KAPITTEL_6)

**Informasjon om lisensjakt og kvotejakt:**

<https://www.statsforvalteren.no/nb/innlandet/miljo-og-klima/rovvilt/>

**Registrering hjå Statsforvaltaren:**

<https://rovviltvarsling.fylkesmannen.no>

**Registrering som lisensjeger:**

[Lisensfelling - Brønnøysundregistrene \(brreg.no\)](https://www.brønnøysundregistrene.no/brreg.no)

**Vegleiar for oppretting av åteplass:**

<https://www.bondelaget.no/getfile.php/13753419-1478595142/MMA/Bilder%20fylker/Nordland/Prosjekt%20Utmark/Jerveprosjektet/Jervefolder%202016.pdf>

**Miljødirektoratet om køyring på snødekt mark:**

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/motorferdsel-i-utmark/regler-for-motorferdsel-i-utmark/kjore-pa-snodekt-mark/>

**Regelverk for båsfangst av jerv:**

<https://www.statsforvalteren.no/innlandet/miljo-og-klima/rovvilt/ending-av-regelverket-for-basfangst-av-jerv/>

Kjøp jaktkort på store rovvilt i Skjåk Almenning:

<https://www.inatur.no/jakt/62ff3ec2e5f5772496d60da4/rovviltkort-skjak-almemming>

Kjøp jaktkort på smårovvilt i Skjåk Almenning:

<https://www.inatur.no/jakt/54f583f6e4b0916f85ae35d9/smarovviltkort-skjak-almemming>

